



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2011

Tannhelsetenesta



Årsmelding tannhelsetenesta 2011

Samandrag

Tannhelsetenesta utførte i 2011 tenester på bakgrunn av oppdragsbrev fra fylkesrådmannen.

Pr. 31.12.2011 har tenesta 28 klinikkar med fast bemanning og 4 ambuleringsklinikkar.

Det er utført til saman 107,5 årsverk i den offentlege tannhelsetenesta i 2011. Av desse er 36,4 tannlegeårsverk og 14,0 tannpleiarårsverk.

Om lag 80 % av dei tilsette i tannhelsetenesta er kvinner. I leiargruppa var det i 2011 2 kvinner og 2 menn.

I 2011 vart det tilsett 5 nye tannlegar. Ved utgangen av året er det 3 ledige tannlegestillingar.

Den offentlege tannhelsetenesta har hatt 39 124 pasientar under tilsyn i 2011. Dette utgjer om lag 37 % av befolkninga i fylket. Av det prioriterte klientellet har tannhelsetenesta hatt 27 598 pasientar under tilsyn. Dette utgjer 89,1 % av totalt tal i gruppa og er ein liten tilbakegang i høve 2010. Målsetjingane for dei prioriterte pasientgruppene er oppfylt. I tillegg er 32 pasientar i fengsel og 118 ruspasientar under tilsyn. Fengsels og ruspasientar har rettar etter rundskriv frå Helse og omsorgsdepartementet, ikkje lov eller forskrift.

Tannhelsedata for nøkkelårskulla 5-, 12- og 18-åringane syner nok ein gong svært gode resultat. For 5-åringane er resultatet litt dårlegare enn toppåret 2010. For 12- og 18-åringane er resultatet noko betre enn i 2010.

Tannhelsetenesta har i 2011 hatt avtale om provisjonsavlønning med tannlegane og ei overgangsordning med utbetaling av fast beløp som erstatning for innsatsbasert løn for tannpleiarar og tannhelsesekretærar / assistenter til eventuell ny avtale om innsatsbasert løn føreligg.

Fylkestinget vedtok i juni 2011 Organisering og leiing og klinikkstruktur for tannhelsetenesta. Det er vedteke ny organisering der tannhelsedistrikta skal vekk og det skal innførast sentral leiing og stab. Det vart vidare vedteke at 3 klinikkar skal samlokaliseras. Når det gjeld organisering er 1.1.2012 satt som verknadsdato.

Tannhelsetenesta er ein aktiv medspelar i folkehelsearbeidet og er representert i fleire samarbeidsprosjekt internt i fylkeskommunen, mellom andre fylkeskommunar og mot andre kommunar. Tannhelsetenesta har eit godt samarbeid med fylkesmannen og det er etablert samarbeid med helsetenesta i 24 av kommunane i fylket. Det er i 2011 laga ein ny folkehelseplan for tannhelsetenesta.

Rekrutterings- og stabiliseringstiltak som vart vedteke i fylkestinget i 2007 er vidareført i 2011.

Fylkestinget har vedteke etablering av Tannhelsekompetansesenter Vest (TK Vest) i samarbeid med Rogaland og Hordaland frå 1.7.2012, og det må på sikt arbeidast med etablering av ei avdeling også i Sogn og Fjordane med etablering i løpet av 2016.

Innleiing

Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane

Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane er organisert som ein institusjon direkte underlagt fylkesrådmannen.

Direktøren for tannhelsetenesta er fagleg og administrativ leiar.

Tannhelsetenesta er organisert i 4 distrikt med ein overtannlege som fagleg og administrativ leiar i kvart distrikt.

Lovgrunnlag

”Lov om tannhelsetjenesten” pålegg fylkeskommunen å syte for at tannhelse-tener, her medrekna spesialisttenester, i rimeleg grad er tilgjengelege for alle som bur eller midlertidig oppheld seg i fylket.

Følgjande grupper er prioriterte:

- a. barn og ungdom frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år.
- b. psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon.
- c. grupper av eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon og heimesjukepleie.

Pr. 31.12.2011 har tenesta 28 klinikkar med fast bemanning og 4 ambulerings-klinikkar. Frå 1.1.2012 vil distrikta opphøyre og det vert innført sentral stab med klinikksjefar som lokale leiarar på tannklinikkane.

- d. ungdom frå 18 år til og med det året dei fyller 20.
- e. andre grupper som det er fatta vedtak om i godkjent plan

I tillegg kan den offentlege tannhelse-tenesta yte tenester til vaksne betalande pasientar. Fram til 31.12.2010 hadde pensjonistar rett til 30 min gratis tannlege eller 45 min hjå tannpleiar kvart år, gruppe E. Fylkestinget gjorde i sak 62/10 vedtak om at desse rettane skulle opphøyre.

Førebyggande tiltak vert prioritert framfor behandling.

Styringssystem

Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar balansert målstyring som gjennomgåande styrings- og rapporteringssystem. Det sektorspesifikke målekartet for tannhelsetenesta er samordna med det overordna målekartet for fylkeskommunen. Sektorspesifikke mål er definerte i forhold til omfang av tenester, økonomi, regional

utviklingsaktør, personalutvikling og kvalitet på interne prosesser.

Den offentlege tannhelsetenesta har i 2011 utført sine tenester til innbyggjarane i Sogn og Fjordane ut frå ansvarsbrev frå fylkesrådmannen.

Aktivitet

Omfang av tenesta

Den offentlege tannhelsetenesta har hatt totalt 39 124 pasientar under tilsyn i 2011. Dette utgjer om lag 37 % av befolkninga i fylket.

Av det prioriterte klientellet har tannhelsetenesta i 2010 hatt 27 598 pasientar under tilsyn. Talet er noko lågare enn i 2010 og skuldast i hovudsak at Sogn og Fjordane ikkje lenger har gruppe E, pensjonistar. 89 % av pasientane i prioriterte grupper er under tilsyn, dette er

ein tilbakegang frå 2010 og kjem av at vi ikkje tel 1 og 2 åringane under tilsyn utan at dei har vore innom ein tannklinik. Vidare har det vore problem med automatisk oppdatering av pasientlistene i vårt journalsystem, noko som gjer at totalt tal prioriterte pasientar er noko usikkert i 2011.

Tabellen på neste side syner % under tilsyn i dei prioritert pasientgruppene.

Prioriterte grupper	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	Mål 2011
Gr.a Born og ungdom 3-18 år	95	95	96	95	94	95	96	97	97	95
Gr.b Psykisk utviklingshemma	91	95	97	97	97	95	95	95	95	95
Gr.c Grupper eldre, langtidssjuke, uføre, C1 og C2	70	72	74	84	88	86	85	84	82	75
Gr.d Ungdom 19-20 år	68	71	68	70	78	83	80	78	78	70
Total % under tilsyn	89	90	91	92	92	93	93	94	89	86

For at ein pasient er ”under tilsyn” må følgjande vere oppfylt:

- Det er etablert rutinar for innkalling og tilsyn
- Pasienten har vore undersøkt av tannlege eller tannpleiar
- Pasienten har fått naudsynt behandling

Sjå elles vedlegg 2 Omfanget av tannhelsetenesta 2011.

Det er god kontroll med dei prioriterte pasientgruppene.

Det er etablert gode rutinar for å sikre tannhelsetilbodet til gr. C. Ved vakansar i tannlegestillingar vert det i nokre høve vanskar med oppfølging av behandlingsbehov. I slike situasjonar er det kjøpt tenester i privat tannhelseteneste eller tannhelsepersonale har ambulert til aktuell klinik.

7 558 vaksne betalande pasientar har vore undersøkt og behandla i den offentlege tannhelsetenesta i 2011 og 10 633 er under tilsyn.

Offentleg tilsette tannlegar arbeider i til saman om lag 50 % stilling ved Kjevekirurgisk poliklinikk på Førde Sentralsjukehus, og dei behandler der pasientar i narkose. I 2011 er det behandla 169 pasientar i narkose og 15 pasientar er henvist internt på sjukehuset.

Folkehelsearbeid

Tannhelsetenesta har i tråd med overordna strategisk handlingsplan utarbeidd eigen folkehelseplan 2011-2013. Dei faktorane som gjev god helse er som regel gunstig for tannhelsa. Mange avgjerder som påverkar tannhelsa vert ofte tekne utanfor helsesektoren eller tannhelsetenesta sitt ansvarsområde. Tannhelsetenesta må difor samarbeide med kommunar, statlege instansar og andre samarbeidspartnarar for å redusere helserisiko i befolkninga og betre helsa for den enkelte.

Målet er at tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere ein aktiv partnar i folkehelsearbeidet og skal sørge for at tannhelsetenesta blir integrert i det generelle partnarskap for folkehelse i fylkeskommunen og kommunane.

På fylkesnivå er det etablert eit godt og fungerande samarbeid mellom tannhelsetenesta, dei andre sektorane i fylkeskommunen og avdelinga hjå fylkesmannen som har ansvar for folkehelsearbeid. Samarbeidet er i 2011 vidareført både internt i fylkeskommunen og med fylkesmannen.



Samarbeidet om folkehelsearbeid i fylkeskommunen har omfatta:

Det er i 2011 sendt 19 varsel til føresette og 3 bekymringsmeldingar til barnevern frå tannhelsetenesta. Dette tyder på at tannhelsepersonalet har teke inn over seg dei nye rutinane vi har for samarbeid med barnevernet og at vi er godt i gang med å implementere rutinane.

- “Pupp til kopp”
- “Vatn som tørstedrikk”
- Folkehelsegrupper i dei vidaregåande skulane
- Strategisk arbeid med å få tannhelsetenesta integrert i generelt folkehelsearbeid i kommunane

Samarbeidet med fylkesmannen har m.a. handla om:

- Eldreomsorg
- Overgrep mot barn
- Deltaking på ulike kurs og konferansar

Det er i 2011 3 ressursgrupper i tannhelsetenesta:

- Ressursgruppe for arbeid med grupper av eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon og heimesjukepleie (gruppe C).
- Ressursgruppe for arbeid med barnevern
- Ressursgruppe for folkehelsearbeid

Desse gruppene skal vere ein fagleg ressurs og gje rettleiing og informasjon til tannhelsepersonalet.



Folkehelsekoordinatorane i Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland.

I 2011 har tannhelsetenesta i samarbeid vidare med Rogaland og Hordaland om rutinar for oppfølging av barn ved misstanke om omsorgssvikt og overgrep. Dette arbeidet har gjeve nasjonal merksemd og også offisielle representantar for myndighetane i Litauen har vore på vitjing for å få informasjon om dette arbeidet. Det er no inngått samarbeidsavtalar med tannhelsetenesta i Rogaland og Hordaland, Universitetet i Bergen, Statens barnehus i Bergen og Stavanger og RVTS-vest.



Tannhelsetenesta har vore aktiv i markeringa av "Verdens tobakksfrie dag" og "Verdens vassdag". Samla har den store innsatsen frå medarbeidarane, spesielt tannpleiarane, i tannhelsetenesta gjort at vi mottok tobakksfriprisen for 2011 frå Fylkesmannen.

Målloppnåing/resultatvurdering

Økonomisk resultat (tall i tusen kr)

Utgifts- og inntektspostar	Rekneskap	Rekneskap	Budsjett	Avvik
	2010	2011	2011	R11-B11
Bruttoutgift	93 366	100 568	99 890	678
Løn inkl. sosiale kostnader	65 867	72 270	73 288	-1 018
Løn i % av bruttoutgift	71 %	72 %	73 %	0
Honorar inntekt	18 861	22 459	27 550	-5 091
Husleige	5 659	5 506		5 506
Husleige i % av brutto utgift	6 %	5 %		0
Nettoutgift	66 212	71 912	71 912	0
Nettoutgift i % av bruttoutgift	71 %	72 %		1
Løn i % av netto	99 %	100 %	102 %	0

Rekneskapet er gjort opp med balanse ved bruk av disposisjonsfond på kr 895 000.

Tannhelsetenesta tidlegare hatt driftsavtale med fylkeskommunen, noko som medførte at eventuelle over/underskot vert overført til neste år. Frå og med 2011 har

tannhelsetenesta utført tenester på bakgrunn av ansvarsbrev frå Fylkesrådmannen.


Takstane vart auka med 5 % frå 1. januar 2011.

Det er honorarinntektene som står for det største avviket. Innteninga er for det første satt opp med full bemanning, medan vi har hatt 6 vakante tannlegeårsverk i snitt i 2011. Vidare er det i 2010 -2011 tilsett mange nyutdanna tannlegar. Desse treng tid før dei vert produktive og genererer inntekter. Når tannlegestillingar har stått vakante over tid vil det ta tid å opparbeide

ein godt pasientgrunnlag igjen. Det er også på det reine at det er ein del etterslep på dei prioriterte pasientane. Tannhelsetenesta har god kontroll på utgiftene og kostnadane, men av grunnane nemnt over er honorarinntektene usikre. Og vi vil trenge nokre år med full bemanning før vi får stabil inntening.

Tannhelsetenesta Rekneskap 2011

Utgifts- og inntektpostar	Rekneskap 2011
Løn og sosiale utgifter	72 270
Varer og tenester	26 234
Eksterne kjøp	-
Meirverdiavgift	3 315
Sum bruttoutgift	101 819
Salsinntekter	24 957
Refusjonar	5 845
Bruk av disposisjonsfond	-895
Nettutgifter	71 912



Provisjon

For 2011 vart det inngått avtale om provisjonsavlønning for tannlegar i den offentlege tannhelsetenesta. For dei

tannlegane som gjorde avtale om provisjon gav dette ei samla utbetaling på om lag kr 3 mill. inklusive sosiale kostnader.

Personalutvikling

Det er nytta om lag 960 tusen kr til personalutviklingstiltak i 2011. Midlane er

nytta til eksterne kurs og seminar og kurs arrangert av arbeidsgjevar.

Investeringsbudsjettet

Det årlege investeringsbudsjettet var i 2011 på kr 3,0 mill. kr. Det er gjort ei grov berekning på at det er behov for om lag kr 5,5 mill. for å halde unitar, autoklavar, kompressorar og anna utstyr i god stand.

Investeringsmidlane har vore uendra i svært mange år. Direktør for tannhelse er

bekymra for at tannhelsetenesta med uendra løyyingar vil måtte slite med gamalt og dårlig utstyr på ein del klinikkar om investeringsmidlane ikkje vert auka. For 2012 er midlane auka til kr 4,0 mill. Men dette vil sannsynlegvis ikkje vere nok til å fornye utstyr så raskt som vi burde for å unngå uønskt driftsstans.

Tannhelseresultat

Det vert kvart år registrert tannhelsedata på dei såkalla nøkkelårskulla som er 5-, 12- og 18-åringane.

5-åringane (fødd 2005)

Registreringane i 2010 syner at 81,4 % av dette årskullet har DMFT = 0, dvs. feilfrie tenner, og dette er eit svært godt resultat.


Tilsvarande tal for 2010 var 84,8 %, og det ser ut til at dei gode resultata vi har sett dei

siste åra held fram sjølv om resultatet for 2011 er noko lågare enn 2010.

Resultatet for 2011 ligg godt over målet på 80 %.

Figuren under viser utviklinga i desse registreringane frå 1994 og fram til i dag.

DMFT = 0 i % hos 5 - åringar



12-åringane (fødd 1998)

Registreringane i 2011 for denne gruppa viser at 59,9 % ikkje har hol eller fyllingar, og gjennomsnitt DMFT er på 0,9. Tilsvarande tal for 2010 var 58,4 % og 1,0 så her har resultata betra seg. Måltala her er 50 % og 1,2. SIC indeks for 12 åringar er 2,57 mot 2,65 i 2010. WHO (Verdens

Helse Organisasjon) sine måltal globalt er 3,0 før 2015. SIC indeksen er eit gjennomsnitt av tal hol hjå den tredjedelen av 12 åringane som har därlegast tannhelse. Vi ligg altså godt under dei måltala som gjeld for sektoren.


18-åringane (fødd 1992)

Registreringane i 2011 for denne gruppa viser at 21,3 % ikkje har hol eller fyllingar,

og gjennomsnitt DMFT er på 4,0. Tilsvarande tal for 2010 var 19,3 % og 4,1,

så resultatet har betra seg frå føregåande år. Måltala her er 20 % og 4,5.

Figuren viser utviklinga i desse registreringane frå 1992 fram til i dag.



Klagesaker

Det har kome inn 4 klagesaker 2011. Desse er handsoma internt og ikkje så alvorlege at dei er sendt vidare til Helsetilsynet.

Balansert målstyring

Det vert vist til målekartet for tannhelsetenesta som er vedlegg til årsmeldinga. Her finn ein igjen dei

driftsresultat som er vald som måleindikatorar i dei ulike fokusområda sett inn i målekartet der dei høyrer heime.

Personell

I den offentlege tannhelsetenesta er det utført til saman 107,5 årsverk i 2011. Av desse er 36,05 tannlegeårsverk, 13,94 tannpleiarårsverk og 46,85 tannhelsesekretærårsverk.

Til administrasjon av tannhelsetenesta er det utført 7,4 årsverk, av dette 4,4 årsverk på dei 4 distriktskontora.

I 2011 er det tilsett 5 nye tannlegar, 1 Lærdal, 2 i Årdal, 1 i Gaupne, 1 i Selje.

Pr. 31.12.2011 er 2 tannlegestillingar ledige.

Det er leigd inn vikartannlege i Måløy for å demme opp for vakansesituasjonen der. Nokre tannlegestudentar og tannpleiarstudentar hadde sommarjobb i tannhelsetenesta som del av rekrutteringsordning. Tilbakemeldingane frå desse er gode og ordninga bør vidareførast i 2012.

Private tannlegar har i 2010 utført om lag 46,6 årsverk i Sogn og Fjordane.

Effektivisering

IKT

2011 har vore eit driftsår utan store investeringar på IKT sida. Det er brukt mykje ressursar på oppkopling mot norsk helsenett. Tannhelsetenesta starta å levere direkte oppgjer mot HELFO 1.7.2011. Denne ordninga kostar relativt mykje utan at fylkeskommunen får nokon gevinst. På sikt skal fleire tenester inn i Norsk Helsenett. Det ser ut til at dette er tenester vi vert pålagt frå sentrale myndigheter som

Klinikksstruktur

Fylkestinget gjorde i juni 2011 vedtak om å samlokalisering/legge ned tre klinikkar.

Ikkje møtt pasientar

For 2011 syner statistikken at det har gått med 3291 timer til ikkje møtt for prioriterte pasientar. Dette betyr at pasientar som er satt opp til time ikkje har møtt til avtala time og heller ikkje gjeve beskjed.

Dette utgjer nesten to heile tannlegeårsværk. Det må gripast fatt i denne problemstillinga i 2011.

Miljø

Alle dei offentlege tannklinikkane har godkjend utskiljarutstyr for kvikksølv på tannlege-unitane eller på tannklinikken.

Likestilling, likeverd og mangfold

Om lag 80 % av dei tilsette i Tannhelsetenesta er kvinner. I leiargruppa er det 2 menn og 2 kvinner. Dette betyr at ein har like mange kvinner som menn i leiargruppa. Tannhelsetenesta har i 2011 arbeidd med tidlegare vedteken plan for likestilling, likeverd og mangfold. Alle punkt i planen er utført og dette er rapportert vidare til fylkesrådmannen.

vi må betale for. Fordelane er det pasienten og brukarane vår som får.

Gruppa med IKT-kontaktar på 3 personar skal gje brukarstøtte til medarbeidarane på programvare og opplegg som er spesifikke for tannhelsetenesta. Gruppa består av direktør for tannhelsetenesta, 1 tannlege og 1 tannhelsesekretær.

Årdalstangen, Olden og Hafslo. Arbeidet med dette vil starte opp i løpet av 2012.

Tannhelsetenesta må ha full gjennomgang på rutinar for innkalling og ikkje møtt slik at vi får redusert dette talet. For betalande pasientar er det registrert 734 timer ikkje møtt i 2011. Sjølv om dette er pasientar som stort sett må betale for desse timane utgjer det eit inntektstap for tannhelsetenesta.

Det er etablert ordning for handtering og levering av spesialavfall.

Innføringa av digitalt røntgen gjer at klinikkan ikkje lenger treng bruke fotokjemikaliar.

Planen har same overordna mål som overordna fylkeskommunal plan.

Tannhelsetenesta har i 2011 satt fokus på å førebygge utvikling av svak tannhelse blant risikogrupper. Det er difor utvikla eit sett med kriterier for å identifisere risikopasientar. Det ser ut til at svak tannhelse har samanheng med sosial status. Tannhelsetenesta vil difor som regional

utviklingsaktør i Sogn og Fjordane forsøke å bidra til sosial utjamning i høve sosiale skilnader når det gjeld tannhelse.

Også gjennom folkehelsearbeid kan tannhelsetenesta bidra som utviklingsaktør.

Tannhelsetenesta bidreg til å redusere tobakksbruk. Tannhelsetenesta mottok i 2011 tobakksfriprisen fra fylkesmannen for arbeidet tenesta samla har gjort på området.

Utfordringar

Personell

Skal vi oppretthalde kvaliteten på tilbodet i den offentlege tannhelsetenesta er vi avhengig av å ha det personellet vi treng. I dag ligg utfordringane først og fremst på tannlegesida, det er heilt avgjerande at vi legg forholda til rette slik at det vert freistande å jobbe i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane.

For rekruttering er nokre nøkkelord klinikkstruktur, klinikktanhøve, lønn, gode ordningar for fagleg vedlikehald, men og jobbtilbod til sambuar/ektefelle og barnehageplassar.

Meir generelt vert det ei utfordring å skape motivasjon og arbeidsglede hos alle

arbeidstakarane slik at dei opplever tannhelsetenesta som ein organisasjon prega av stabilitet, men og fleksibilitet og utvikling. Tilgangen på tannlegar synast å ha betra seg også i 2011. Det er for tidleg å konkludere med at tannlegemangelen er over, så det må også i 2012 leggast vekt på rekruttering. Men det er mogleg vi no kan dreie fokuset meir over på stabilisering. Det er gjeve varsel frå nokre av våre seniortannlegar kjem til å pensjonere seg i løpet av 2012. Dette er nøkkelpersonale med stor kunnskap og brei klinisk erfaring det vert vanskeleg å erstatte på kort sikt.

Rekrutterings- og stabiliseringstiltak

Dei tiltaka som vart vedtekne i fylkestinget i 2007 vart sett i verk i 2008 og vidareførde i 2011. Tilbodet om redusert arbeidstid til småbarnsforeldre er blitt lagt merke til og er nok ein av grunnane til god rekruttering. Samstundes er dette ei svært kostbar ordning. Det må i 2012 gjerast ei kost/nytte vurdering av dette tiltaket. Hevinga av begynnarløna har gjort oss

konkuransedyktige, og vi har gode ordningar for kursmidlar og høve til fagleg utvikling. Vi har og innført ei god provisjonsavtale for tannlegar. Det ser ut til at desse tiltaka no har gjeve svært gode resultat. Tannhelsetenesta må framleis ha fokus på stabiliseringstiltak for nyttilsette, men dei må vurderast når tilgangen på tannlegar ser ut til å bli betre..

Utstyr

Det er viktig at investeringsbudsjettet gjer det mogeleg å oppgradere utstyret på tannklinikkanne slik at vi kan tilby moderne arbeidstanhøve, dette gjeld både tannlegeutstyr og datautstyr. Investerings-

rammene var i 2011 på eit absolutt minimumsnivå. Det blir ei prioritert oppgåve å få auka desse rammene i åra framover.

Kvalitet

Kvalitetsutvalet har i løpet av 2011 arbeidd med stadige justeringar og tilpassingar av kvalitetshandboka. Utvalet arbeider vidare

med kvalitetsutvikling og systematikk i tenesta og har fokus på kvaliteten på tenestene som tannhelsetenesta leverer til

innbyggjarane i fylket. Kvalitetsutvalet har også fokus på faktorar som påverkar arbeidsmiljøet og drifta på den einskilde

klinikk, til dømes risiko og sårbarheitsanalyser ut frå avviksmeldingar.

Spesialistar

Generelt er spesialistdekkinga i Sogn og Fjordane for därleg. Nokre spesialitetar manglar vi heilt, mens andre har for låg kapasitet, først og fremst kjeveortopedi (tannregulering). Saman med Rogaland og Hordaland fylkeskommunar arbeider ein for å etablere regionalt odontologisk kompetansesenter som kan få ei avdeling i Sogn og Fjordane som m.a. skal drive desentralisert spesialistutdanning. Eit mogleg tidspunkt for etablering i Sogn og

Fjordane er tidlegast 2016.

Fylkeskommunen har inngått avtale med ein tannlege som er under spesialisering til kjeveortoped og som skal kome attende til fylket etter endt utdanning.

Avtalen med to kjeveortopedar om utleige av Lærdal tannklinik er forlenga slik at innbyggjarane i Sogn no slepp å reise til Bergen for denne type behandling.

Omorganisering

Fylkestinget har vedteke ny organisering av tannhelsetenesta. Arbeidet med å gå bort frå distrikt til sentral leiing og stab, starta hausten 2011. Det er gjort risikoanalysar og vurderingar på arbeidsfordeling samt drøftingar med arbeidstakarorganisasjonar, verneombod og tilsette som vert omfatta av omorganiseringa. Det er også tilsett

assisterande direktør for tannhelsetenesta som vil få hovudansvar for personale og økonomi i tenesta. Tannhelsetenesta har sidan 2001 vore organisert som ein institusjon med dei fire distrikta som avdelingar. Det er mogleg at tannhelsetenesta no også bør gjerast om til ei avdeling med klinikkane som teneste einingar.

Leiinga vil nytte høvet til å takke alle tilsette i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane for god innsats i 2011.

GOD TANNHELSE ER GOD FOLKEHELSE!!

Hermansverk, 30.3.2012

Bent Rønneklev
Direktør for tannhelsetenesta

Vedlegg

Tabellar:

- Årsverk i offentleg og privat sektor 2011
- Omfanget av tannhelsetenesta
- Tannhelsedata nøkkelårskull
- Målekart

Tal årsverk i tannhelsetenesta, offentleg sektor i 2011

DISTRIKT	ADMINISTRATIVT PERSONELL KONTORPERSONALE		TANNLEGE		TANNLEGE-SPESSIALIST		TANNPLEIARAR		TANNHELSE-SEKRETÆRAR		ANNA PERSONELL		TOTALT	
	ÄRSV.	VAK	ÄRSV.	VAK	ÄRSV.	VAK	ÄRSV.	VAK	ÄRSV.	VAK	ÄRSV.	VAK	ÄRSV.	VAK
FYLKES-TANNL.	3,00	0,00			0,00						1,00		4,00	0,00
INDRE SOGN	0,80	0,00	7,20	4,40			2,64	0,36	10,45	0,33	0,37		21,46	5,09
YTRE SØRE	1,20		10,20	0,00			2,30		11,50		0,70		25,90	0,00
INDRE FJORDANE	1,40		11,10	0,00			5,00	0,00	14,30	0,00	0,51		32,31	0,00
YTRE FJORDANE	1,00		7,55	2,45			4,00	0,00	10,60	2,50	0,72		23,87	4,95
FYLKET	7,40	0,00	36,05	6,85	0,00	0,00	13,94	0,36	46,85	2,83	3,30	0,00	107,54	10,04

Tal årsverk i tannhelsetenesta, privat sektor i 2011

DISTRIKT	TANNLEGE I ALLMENPRAKSIS STILLING	TANNLEGAR I SPESIALPRAKSIS			TANNPLEIARAR STILLING**	TANNHELSE-SEKRETÆRAR STILLING**	TANN-TEKNIKARAR STILLING
		KJEVE ORTOPEDI STILLING	KIRURGI STILLING*	PERIODONTI STILLING			
INDRE SOGN	14,00	0,00				3,00	9,00
YTRE SØRE	2,60					1,00	0,00
INDRE FJORDANE	17,00	1,00		1,00		2,80	
YTRE FJORDANE	13,00	1,00		2,00		3,80	
FYLKET	46,60	2,00	0,00	3,00		9,60	10,00
							1,00

* Sentralsjukehuset i Førde har oralkirurg i full stilling.

** Vi har ikke oversikt over denne personellgruppa i privat sektor

Omfangen av den offentlege tannhelsetenesta pr. 31.12.2011								
Distrikt		Under tilsyn				Ikke under tilsyn		
	Totalt tal personar pr. 31.12	Personar undersøkt/ behandla	Planlagt ikkje innkalla	Etterslep= ikkje beh./ ikkje planl. ikkje innkalla *	Sum personar under tilsyn	% under tilsyn	Takka nei til tilbod	Innkalla, ikkje møtt
Gruppe A1								
0 - 2 år								
Ytre Fjordane	446	14	217		231	52%		10
Indre Sogn	313	12	1	2	15	5%		
Ytre Søre	230	3	192		195	85%		
Indre Fjordane	883	28	194	1	223	25%		
Fylket	1872	57	604	3	664	35%		10
Gruppe A2								
3 - 18 år								
Ytre Fjordane	6361	5469	725	45	6239	98%	8	10
Indre Sogn	5277	3939	751	423	5113	97%	8	57
Ytre Søre	3713	3158	455	44	3657	98%	14	21
Indre Fjordane	7108	6336	257	93	6686	94%	29	85
Fylket	22459	18902	2188	605	21695	97%	59	173
Gruppe B								
Psyk.utv.hemma								
Ytre Fjordane	127	107	8	6	121	95%		2
Indre Sogn	78	65	1	2	68	87%	2	
Ytre Søre	99	85	9	2	96	97%	1	1
Indre Fjordane	135	126	3		129	96%	5	
Fylket	439	383	21	10	414	94%	8	3
Gruppe C1								
Inst. Klientell								
Ytre Fjordane	313	247	9	1	257	82%	7	
Indre Sogn	347	214	22	26	262	76%	12	
Ytre Søre	253	218	8		226	89%	23	
Indre Fjordane	250	222	7	2	231	92%	2	
Fylket	1163	901	46	29	976	84%	44	
Gruppe C2								
Heimesukepl								
Ytre Fjordane	604	332	53	8	393	65%	31	1
Indre Sogn	440	158	24	65	247	56%	36	
Ytre Søre	481	380	16	4	400	83%	72	3
Indre Fjordane	542	397	21	11	429	79%	49	8
Fylket	2067	1267	114	88	1469	71%	188	12
Gruppe D								
19 - 20 år								
Ytre Fjordane	751	490	141	31	662	88%	26	24
Indre Sogn	704	445	118	45	608	86%	21	26
Ytre Søre	550	394	72	5	471	86%	64	9
Indre Fjordane	953	596	42	1	639	67%	42	20
Fylket	2958	1925	373	82	2380	80%	153	79
Gruppe E pensjonistar oppheva frå 1.1.2011								
Gruppe F								
Betalande								
Ytre Fjordane	//////////	1067	361	92	1520			
Indre Sogn	//////////	1941	397	1060	3398			
Ytre Søre	//////////	2319	256	141	2716			
Indre Fjordane	//////////	2231	408	360	2999			
Fylket	//////////	7558	1422	1653	10633			



TANNHELSEDATA PR 31.12.2011

5-ÅRINGER MED dmft =0, % AV ÅRSKULL																		
	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
FYLKET	59	61	61,5	63,9	64	59,3	56,4	43,7	61,1	62,6	70,8	75,1	78	76,7	79,5	84,74	84,8	81,4
GJ.SN. DMFT																		
FYLKET																		
12ÅR	2,1	1,8	1,8	1,6	1,5	1,2	1,4	1,3	1,5	1,2	1,3	1,2	1,3	1,0	1,2	1,2	1	0,9
18ÅR	7,4	6,8	6,3	5,7	5,6	5	4,9	4,7	4,7	3,9	4,5	4,4	4,9	4,1	4,5	4,2	4,1	4,0

Den offentlege tannhelsetensta - målekart

Strategisk fokusområde: tenesteproduksjon/ brukarperspektivet			
T1	Kritisk suksessfaktor: Velfungerande tenesteproduksjon		
T1-1	Måleindikator: Prioritert klientell under tilsyn inndelt i gruppe a) - d)		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	Gruppe A2 (3 -18 år) 97,0 %	90 %	90 %
	Gruppe B (Psykisk utvikl. Hemma) 94,0 %	95 %	95 %
	Gruppe C1 (Institusjonsklientell) 84,0 %	85 %	85 %
	Gruppe C2 (Klientar i heimesj.pl.) 71,0 %	70 %	70 %
	Gruppe D (19 - 20 år) 80,0%	60 %	60 %
T1-2	Måleindikator: Klagesaker (tal per år)		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	4	1-2	4
T1-3	Måleindikator: Tannhelseresultat gjennomsnitt DMFT 18 år Gjennomsnitt tal tener som har hol, er tapt eller har fylling på 18-åringar		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	4,0	4,5	5
T2	Kritisk suksessfaktor: God rekruttering og stabilitet		
T2-1	Måleindikator: Tal vakante tannlegestillingar		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	3	0	2
T2-2	Måleindikator: Mobilitet tannlegar		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
		Nytilsette jobbar min. 5 år	Nytilsette jobbar min. 4 år
T3	Kritisk suksessfaktor: God informasjon til brukarane om organisasjonen sine tilbod		
T3-1	Måleindikator: Brukarane har god kjennskap til tannhelsetenesta sine tilbod I brukarundersøkinga i 2009 var brukarane godt nøgde med tilboden frå den offentlege tannhelsetenesta., men kjennskap til tilboden vart ikkje målt. Ikkje målt på ny etter 2009.		
T4	Kritisk suksessfaktor: Gode rutinar/arenaar for brukarmedverknad		
T4-1	Måleindikator: Brukarane sin opplevde påverknad på innhald og kvalitet i tenestene I brukarundersøkinga 2009 var brukarane godt nøgde med tannhelsetenesta, men opplevd påverknad var ikkje målt. Ikkje målt på ny etter 2009.		

Strategisk fokusområde: regional utviklingsaktør			
R1	Kritisk suksessfaktor: Kjenner utfordringane i fylket		
R1-1	Måleindikator: Analysere om plandokumenta våre identifiserer konkrete utfordringar i Sogn og Fjordane på tannhelseområdet		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	Ny plan vedteken av Fylkesting sak 6/10	Evaluering/rullering av plandokument	Ikkje definert
R2	Kritisk suksessfaktor: Utvikle godt samarbeid med kommunane og andre organisasjonar		
R2-1	Måleindikator: Inngå konkrete samarbeidsavtalar med kommunehelsetenesta		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	Inngått avtalar med 24 av 26 kommunar	100 %	90 %
R3	Kritisk suksessfaktor: Velfungerande tilbodusstruktur		
R3-1	Måleindikator: Reisetid frå tettstad til nærmeste tannklinik I brukarundersøkinga 2009 var brukarane godt nøgde med plassering av tannklinik og tilgjenge til klinikken. Reisetid vart ikkje målt. Ikkje gjort ny måling etter 2009.		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	Ikkje målt	< 60 min.	60 min.
Strategisk fokusområde: rammevilkår/ økonomi			
Ø1	Kritisk suksessfaktor: Samsvar mellom mål og rammer i tannhelsetenesta		
Ø1-1	Måleindikator: Overtannlegane sine vurderingar av grad av samsvar mellom mål og rammer		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	Balanse	Maks 5 % avvik	5 % avvik
Ø1-2	Måleindikator: Avvik i høve ramme i driftsavtalen med fylkesrådmannen		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	Balanse	1 % overskot	5 % avvik
Ø2	Kritisk suksessfaktor: Tilfredsstillande økonomikompetanse i tannhelsetenesta		
Ø2-1	Måleindikator: Avvik mellom driftsbudsjett, tertialrapportar (prognosar) og årsrekneskap for tenesteområdet		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	-0,895 mill.	1 % overskot	Budsjettbalanse
Ø3	Kritisk suksessfaktor: Effektiv ressursbruk og tenesteproduksjon i tannhelsetenesta		
Ø3-1	Måleindikator: Netto driftsutgifter per person i dei prioriterte gruppene under tilsyn Tal for 2011 i KOSTRA er ikkje tilgjengeleg enno		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	?	Maks. 20 % over gjennomsnitt for alle fylkeskommunar i KOSTRA	Maks 30 % over gjennomsnitt for alle fylkeskommunar i KOSTRA
Ø3-2	Måleindikator: Pasientinntekter		
	Resultat 2011	Ønskt nivå	Akseptabelt nivå
	22 mill. kr	24 mill kr	
	Føreset full bemanning	95 % av ønskt nivå	



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Den offentlege tannhelsetenesta
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
Telefaks: 57 65 61 01
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Oppskjæring av frukt på skulekjøkkenet fv. tannpleiar Janne Haugen,
tannlege Elisabeth Halsne, elevar, Siren Nekkøy Klokkernes, Cesilie Holm,
Hanin Al Rubaie.

Foto: Bent Rønneklev/Sogn og Fjordane.